



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 05.04.2017
Vår ref.: 2017/4425
Arkivnr.: 521.9

Vindafjord kommune
Rådhusplassen 1
5580 ØLEN

Att. Anne Sofie Sandvik

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Varsel om forvaltningskontroll i Vindafjord kommune

Vi viser til brev datert 22.12.2016, der Fylkesmannen kom med informasjon om statlege tilsyn med kommunane i 2017. I vedlegg til brevet kjem det fram at landbruksavdelinga hos Fylkesmannen skal gjennomføre ein forvaltningskontroll på landbruksområdet i Vindafjord kommune i løpet av 2017. Vi ønskjer med dette brevet å informere om kontrollen og avtale dato for denne.

Forslag til dato for kontrollen

Vi vil føreslå å gjennomføre kontrollen onsdag 7.juni 2017. Som alternativ dato har vi sett opp tysdag 6.juni og onsdag 14.juni. Vi håper ein av desse datoane passar, og ber om tilbakemelding på dato innan 25. april.

Bakgrunn for forvaltningskontrollen

Fylkesmannen har det regionale ansvaret for at tilskot på landbruksområdet blir forvalta og kontrollert i samsvar med dei overordna føresetnadene og etter gjeldande lover og reglar. I dette ligg det mellom anna at Fylkesmannen skal gjennomføre risikobaserte kontrollar av kommunane på landbruksområdet. Sist det blei gjennomført tilsvarende forvaltningskontroll i Vindafjord kommune var 3.mai 2013.

Heimel for kontrollen er forskrift 12.12.2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten, § 15.

Informasjon om kontrollen

Under kontrollen vil vi sjå nærare på kommunen si forvaltning av regelverket knytt til ordninga med tilskot til regionalt miljøprogram, tilskot til avløyning ved sjukdom m.v. og skogbruksforvaltninga. Vi vil i god tid før avtalt dag komme tilbake med meir detaljar om aktuelle tema og kva vi ønskjer at kommunen har klart i forkant av sjølve kontrollen.

Gjennomføring av kontrollen vil skje i løpet av ein dag med følgjande agenda:

- 09.00-09.30 Formøte med informasjon om kontrollen, føremål, grunnlag og omfang
- 09.30-14.00 Intervju og gjennomgang av dokument
- 14.00-14.30 Sluttmøte med oppsummering av funn frå undersøkingane

Fylkesmannen ber om at det blir lagt til rette for intervju med fagansvarleg for landbruk og saksbehandlar(ane) for dei ulike ordningane. I tillegg ber vi om at rådmann og/eller kommunalsjef deltek på formøtet og sluttmøtet, og ser det som positivt dersom dei har anledning til å delta under heile kontrollen.

Frå Fylkesmannen møter landbruksdirektør Geir Skadberg i tillegg til saksbehandlarane med ansvar for regionalt miljøprogram og skogbruksforvaltinga. Kontrollansvarleg for denne forvaltningskontrollen er Else Fredheim Hodne.

Ta kontakt om det er spørsmål til gjennomføring av kontrollen.

Med helsing

—
Geir Skadberg
landbruksdirektør

Else Fredheim Hodne
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Else Fredheim Hodne
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 77
E-post: fmroefh@fylkesmannen.no